

## Oppsummering av møte om fellesløsning for kloakk på Sangefjell fredag 13.2.09

### Deltakerar:

Sangefjell I: Trond Nespæ

Sangefjell II: Steinar Gundersen og Bernt Nakken

Sangefjell III: Leif Palmstrøm

Nystølen/Turrhaug: Sven Tore Lien

Frå Ål kommune: Reidun Aaker og Magnus Skringo (innleigd frå Asplan Viak as)

### Forfall:

Representant for grunneigarane, Knut Sandåker

Harlad Varlid, Ål kommune

### Bakgrunn:

Sangefjell II og III har gamalt, ikkje tilfredsstillande felles gråvassanlegg og har fått pålegg om renovering. Tippen som har vore resipienten for det gamle anlegget er tenkt utnytta til masseuttak. Det er heller ikkje dokumentert at steintippen er eigna som resipient.

Ein del hytter på Sangefjell har dårleg /ikkje avlaupsanlegg. Ål kommune har difor etter drøftingar med velforeiningane fått utarbeidd eit forprosjekt med kostnadsoverslag på felles kloakkløysing for Sangefjell-området via ledning ned til Kleivi og overføring til Ål renseanlegg.

Rapporten vart gjennomgått på møtet.

Møtelyden konkluderte med at oppstart vår 2010 er for optimistisk, då det vil ta tid å selgje inn prosjektet hjå hytteeigarane.

### Vidare arbeid:

1. Asplan Viak rettar opp namna på områda i rapporten slik at ein unngår forvirring fordi områdeavgrensinga i rapporten ikkje er identisk med grensene for velforeiningane. Aaker sender ut retta rapport og kart saman med referatet frå møtet.
2. Ål kommune skriv eit formelt brev til hytteeigarane på Sangefjell som vert sendt ut før påske, med framlegg om at det vert ei felles kloakkløysing for alle hytter.
3. Styrene for Velforeiningene drøftar saka på sine årsmøte i påsken 2009.
4. Ål kommune kallar inn til ope infomøte om prosjektet fredag 14.8 kl 18.
5. Ål kommune går gjennom kva hytter som manglar tilfredsstillande avlaupsanlegg og sender ut påleggsbrev til dei hytteeigarane dette gjeld, i løpet av sumaren.

Ål, den 16.2.09

Reidun Aaker

Leiar av utviklingsavdelinga i Ål kommune